

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 27.05.2016

Vår ref.: 201505469-38

Arkiv: 611

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Øistein Løvstad

22959367/oel@nve.no

Vedtak om kabling av kraftleidningen mellom Breivik og Litlesotra transformatorstasjonar

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i dag gjeve BKK Nett konsesjon til å rive dagens dobbeltkurs 132 kV og 300 kV kraftleidning mellom Breivik transformatorstasjon og Litlesotra transformatorstasjon og etablere den på ny som kabelanlegg. Traseen for det nye kabelanlegget vert om lag 4,1 km lang og leggjast i tunnelar, i bru, på sjøbotn og i grøft. BKK Nett får òg konsesjon til å byggje og drive muffeanlegg ved Breivik og Litlesotra transformatorstasjonar, samt ny reaktor i Litlesotra transformatorstasjon. Tiltaka ligg i Fjell og Bergen kommunar i Hordaland fylke.

Ein omlegging av kraftleidningen er naudsynt for å realisere det nye vegsambandet Rv. 555 mellom Kolltveit på Sotra og Storvatnet i Bergen etter vedtekte trasé.

I samband med anleggsarbeidet må det påreknast noko støy og auka trafikk. NVE har satt krav om at BKK Nett skal utforme ein miljø- transport- og anleggsplan som blant anna skal beskrive trafikktryggleik og gjennomføringa av anleggsarbeidet. Planen skal godkjennast av NVE før arbeidet kan starte. I driftsfasen meiner NVE at kabelanlegget berre vil ha små konsekvensar. Når kabelanlegget er satt i drift, vil dagens luftleidning rivast. For meir informasjon om NVEs vurdering, sjå notatet «Bakgrunn for vedtak» av i dag.

Konsesjonsdokumentet, notatet "Bakgrunn for vedtak" og kart som syner tiltaket er tilgjengeleg på NVE sine nettsider www.nve.no/kraftledninger.

Denne orienteringa vert sendt til alle høyrings- og orienteringsinstansar. Den allmenne høyringa, offentlege møte og møte med lokale og regionale styresmakter er ein sentral del av NVE si konsesjonshandsaming. Gjennom denne prosessen, der einkvar har høve til å kome med innspel og synspunkt, skal NVE sikre at alle sider ved saka er gjort reie for. Vi har no gjeve konsesjon og takkar for alle innspel og kommentarar som har kome i den allmenne høyringa.

Klage

Det er mogeleg å klage på avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga kom fram eller klagaren burde ha skaffa seg kjennskap til avgjerda, jf. forvaltningslova

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

kap. VI. Partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (andre med spesielt nær rettsleg, økonomisk eller faktisk tilknytning til saka og organisasjonar som representerer interesser som vedtaket får verknader for) har rett til å klage på vedtaket. Å gje uttale eller på annan måte verte orientert om saka gjev ikkje i seg sjølv rett til å klage på avgjerda.

Ei klage skal vere skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Den bør innehalde ei grunngjeving og opplysningar som gjer det mogeleg for NVE å avgjere om klagaren har klagerett. Etter forvaltningslova vil NVE vurdere klaga og forberede saka før den vert sendt til Olje- og energidepartementet. Vi føretrekk at klager vert sendt til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Siv Sannem Inderberg
seksjonssjef

Øistein Løvstad
førstekonsulent

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakerliste:

Avinor AS
Bergen kommune
BERGEN KOMMUNE BYRÅDSAVDELING FOR BARNEHAGE OG SKOLE
Bergen og Hordaland Turlag
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) - Region Vest
FAU ALVØEN SKOLE
Fiskeridirektoratet Region Vest
Fjell kommune
Fortidsminneforeningen i Hordaland
Forum for natur og friluftsliv Hordaland
Fylkesmannen i Hordaland
Helen Nordeide Johansen
Hordaland fylkeskommune
Ingmar Hatland
Kystverket Vest
Naturvernforbundet i Hordaland
Norkring AS v/Terje Nordtorp
Per Olav Solberg
SAMEIET SKARSHAUGEN HUSEIERLAG
Statnett SF
Telenor Norge AS
Åse Sleire



Kopi til:

BKK Nett AS

Olje- og energidepartementet

Statens Vegvesen - region vest